

# VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Desember 2012

## I dette nummeret kan du lesa om fylgjande:

Leiaren har ordet.....	3
Amboltprisen 2012 : Intervju med Bodil Cappelen	4
Ung Poesi 2012: "Scenografi"	7
Kristin Karlsson – "Ei samtale om bilete og form"	14
Charlotte Riise: "Ei prøve på form"	19
Ingelin Røssland: "Ny duk på bordet"	21
Idar Stegane: "At berget skal opna seg"	23
Årsmelding 2010 – 2012	25
Referat Årsmøte 2012	27
Nytt styre: 2012 – 2014	30
Referat styremøte 18.10.2012	31
Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge	34





## Leiaren har ordet

Kjære lesar!

No har du fått i hende fyrste utgåva av Venelagshefte for 2013. Eg vonar du får glede av tekstane i dette nummeret. Mykje har skjedd det siste halvåret av 2012. Ulvik Poesifestival har gått av stabelen, og Venelaget har fått eit heilt nytt styre. Difor får du ein liten presentasjon av styret i denne utgåva. Eg har mykje på hjartet, og gler meg til å verte meir kjend med lesarane våre. Difor er eg særst takksam om du kjem med innspel, anten du har noko du ynskjer å bidra med, eller om det er noko du saknar i bladet.

Fjorårets vinnar av Ung Poesi 2012 heiter Kristin Karlsson, og vinnardiktet hennar er vi så heldige å få prenta her. Eg har samstundes laga eit intervju med ho, slik at vi vert litt kjende med denne diktarspiren. ”Scenografi” er eit dikt som får meg til å undrast. Og det får meg til å ville ”trengje inn” ein stad eg ikkje veit kvar er. Då har poesien lukkast, tenkjer eg. Bodil Cappelen fortener òg ein plass i denne utgåva. Ho er intervjuet som Amboltprisvinnaren for 2012, og eg reknar med alle kan einast om at prisen er meir enn vel fortent.

Vi har elles tre fine tekstar som eg fekk oversendt frå førre redaktør og har fått løyve til å bruke. Idar Stegane (f. 1940) i stubben ”at berget skal opna seg”, peikar på ei viktig sak, nemleg at lina har falle ut av diktet ved fleire høve. (!)

Ingelin Røsseland (f. 1976) er kjend barne- og ungdomsbokforfattar, og ho har nysst gjeve ut ein ny roman for vaksne, ”Kirsebærstø”. Du kan lese meir om Ingelin Røsseland på bloggen hennar: <http://ingelin.no/om-ingelin/>. I teksten vår ”Ny duk på bordet” deler ho nokre refleksjonar kring temaet tid. Ho peikar på at tilhøvet eller kommunikasjonen mellom diktet og lesaren ikkje er statisk, men endrar seg.

Charlotte Riise (f. 1987), debuterte i år på Gyldendal med diktsamlinga *Eg treng tid å sakna deg*. Ho har hausta mange godord for denne samlinga. Du kan lese om henne på Gyldendal sine sider. I teksten ”Ein prøve på form” utforskar ho vilkåra for skrivearbeidet og si kjærleik til lesinga av Hauge.

God lesnad!

Desember 2012

## Amboltprisen 2012: Bodil Cappelen

Amboltprisen blir gitt til personar som fremjar interessa for Olav H. Hauge si dikting. På poesifestivalen i Ulvik i september fekk Bodil Cappelen Amboltprisen for 2012. Venelaget hadde følgjande grunngiving for at ho vart valt ut dette året:

1. Det er på høg tid at ei kvinne får Amboltprisen.
2. Det er vel kjent at ho har fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting på finaste vis, som illustratør, kunstnar, opplesar, forfattar og redaktør.



Foto: Sigrid Seim, ”Hordaland”

### **Først og fremst: Gratulerer med Amboltprisen for 2012! Kva betyr prisen for deg?**

-Tusen takk! Eg tykkjer det er ei ære å få han og kjenner eg vert sett pris på i bygda.

### **Vi i Venelaget veit at du er ei aktiv dame, og vi er spente på om du har nye prosjekt på gang.**

- Ja, faktisk driv eg på med eit stort arbeid no. Eg har halde på med å lage eit utval i eitt band av Hauges fem dagbøker. Utvalet skal vere for den utanlandske marknaden. Eg byrja for eit år sidan å lage utvalet, og no har eg funne omsetjarar i mange land. Til no skal denne boka gjevast ut på ti språk; engelsk, tysk, hollandsk, dansk, færøysk, tyrkisk, fransk og koreansk. I tillegg

skal den engelske utgåva omsetjast til kinesisk, og til hindi har eg og funne omsetjarar, men dei slit med å finna forlag.

### **Korleis kom du på denne idéen?**

- Eg kom på han av di det amerikanske forlaget White Pine Press vil gje ut eit nytt utval av Hauges dikt, omsett av Olav Grinde. (Dei har tidlegare gjeve ut *Selected Poems*, omsett av Robin Fulton 1990). Forleggaren, Dennis Maloney, ynskjer no å ha med tekster frå dagbøkene, frå om lag same tid som dikta er skrivne.

Då eg skulle til å velja tekstar frå dette enormt store materialet (3500s.), tenkte eg, kvifor ikkje like godt lage eit utval som kan verte ei bok? Likt det utvalet Sverre Tusvik laga for Samlaget i fjor. Det utvalet var tenkt til den norske marknaden, med referansar til norsk kulturliv og norske forfattarar. Alt det har eg utelate. Eg tar med frå verdslitteraturen.

No hadde allereie Kristin Helle-Valle gjort ein framifrå jobb med å skaffe omsetjarar til Olavs dikt i samband med jubileet i 2008. Dei omsetjarane har eg kontakta, og fleire har svara ja til å arbeide vidare med Hauges prosa. Dette utvalet vender seg difor til lesarar som kjenner dikta og har vorte hugtekne av dei og gjerne vil lese meir av denne forfattaren. Ein ville ikkje kunne få denne boka ut elles.

T.d. i Russland er ikkje dikta hans omsett. Og om ein då kjem med eit prosamanuskript, vil forlaga berre spørje: Hauge, kven er det?

### **Når reknar du med at denne boka blir ferdig til publisering?**

- Boka på White Pine Press skal kome ut i 2014. Dagbokutvalet i eitt band kjem til å kome etterkvart som omsetjarane er ferdige. Det er dei som finn forlaga. Det har ikkje eg noko med. Og dei utanlandske forlaga lagar då kontrakt med Samlaget.

### **Andre ting som medlemene i Venelaget kan vere interesserte i?**

- Ja, når me snakkar om Hauge på andre språk; i 2012 har *Samla dikt* av Olav H. Hauge kome ut på tysk, *Gesammelte Gedichte*. Omsett av Klaus Anders. Han er i gong med dagbokutvalet no. Det skal kome ut på same forlag, Rugerup Verlag, og då vert det O.H.H. i to band, eit med dikt og eit med prosa.

## Har du ynskje om kva venelaget bør konsentrere seg om i den komande toårsperioden?

- Fusjonere med Haugesenteret.



Vi skjønner også at Bodil Cappelen framleis gjer ein stor innsats for å spreie kunnskap om både dikta og prosaen til Olav H. Hauge, no også ut over landegrensene våre. Det er viktig at det blir lagt til rette for at så mange som mogleg kan få høve til å gle seg over tekstene hans, og vi i Venelaget ynskjer henne lukke til med vidare arbeid med det nye bokprosjektet.

Randi Jåstad  
styret for Venelaget 2012

# SCENOGRAFI

## RIDÅ

*Gardin sammetstung i vågor strecker sig åt sidan Bilderna  
Övergripande tankens scenografi en krans klippt av papper det helt platta arket målat  
med färg*

*det finns olika sorters lyd  
de som skall komma långt bortifrån de som skall komma nära  
scenen skall vara allt detta överväldiga i papper ett överväldigande pappersmaskineri*

## S C E N I . valp

x.

första raden

nästa rad avståndet papper de viks ut

i det: den lilla hunden

benen, de ostadiga tassarna fäller man ut klorna, tar de lång tid att fälla in

vet inget igen: inget veta att få veta inget igen: det fantastiska i att vara ny innan man blir ensam

x.

man klipper ut en liten hund man kallar valp

man klipper

det glada gläfsset

mitt hus mitt hus mitt hus

stå mitt i rummet, i vilken stad, i vilket hus mitt hus mitt hus

sista ljuset i dag gult det som når ner

under trädens utsträckta

in bakom husens framsidor

den lilla hunden i papper, den glänsande ytan, gläfsar den inte, jo, gläfs gläfs

x.

liten park ditt gräs

alla de vitfotade träden



## SCEN II. rum

x.

nya rummen kallas skrymslen  
att stå gömd i ett skrymsle  
insvept i linjerna de streckade, punktstreckens draperier  
se rikningar vad händer vid blickarna streck streck streck  
viker ut ögonen Se så här gömmer sig en liten hund man kallar valp

x.

en bakre vägg en botten mot en botten skall vissa ting stå ut ta sig ut på visst sätt  
mot bakgrund skall jag ta mig ut blid skön lysande  
ibland belyser man mig fel och då tar jag mig ut mörk skör ruvande  
ilsk på folk skygg

x.

man vet  
det finns speglar

de man ser rakt igenom bara från baksidan och  
de som reflekterar man håller med är förnöjsam och  
de som visar något annat man inte är beredd på ”Så kan det inte vara”  
”Det stämmer inte”

alla speglar ljuger är besvikelse och avskum  
utom de man ser rakt igenom bara från baksidan är högst sanningsenliga

### SCEN III . krage

x.

hunden kräks: uppblött kartong har tuggat i sig sidor oh allt som saknas  
genialiteten vitaliteten jättestor potens det var här innan innan: jag var  
lysande

banna liten hund ”den som inte förstår att sluta i tid kan äta ihjäl sig”

så länge man spyr mår man bra

visar; här finns vägar som fortfarande är farbara

luktar rått som insidan insidorna

x.

när: att stå i skuggan av ett träd den skrämnda:

att allt alltid skall vara så här

i upprepning i variation, skall man alltid må så här

finns det förskjutningar finns det förändringar

så det finns streck streck streck och det finns

och en valp, man kan fästa sina förhoppningar runt dess hals så hittar den  
hem när den gått bort sig

förhoppningar knutna runt halsen, en fluga, hårt knuten nära det som är  
halsklumpen

x.

varje krage: en tyngd ett löst struhtag

## SCENIV . rymmling

x.

i dödssjuka blånar fotsulorna ofta hinner man inte ens märka det  
sällan ser man dem fotsulorna  
ofta t.o.m. när man går är det som om man: inte har dem

x.

den lilla hunden hoppar mellan paper här. Nu, den har lämnat denna sida.  
Är på nästa.

Den lilla hunden är en valp, heter så.

x.

paus

## S C E N V . glämska

x.

Man annordnar en skallgångskedja, gör det tätt tätt över sidorna: skall finna hunden som heter valp

Ofta håller man varandra i handen; hundarna släpper man lös, man driver dem framför sig genom höga gräs torrt hör dem prassla ser deras ör-tofsar plöja fram i ax

Man håller varandra i händerna för ingen skall slippa igenom vem kan läsa kartan rita ut den exakta ruten alla sidor blir avsökta en gång och inget ställe två

Hålla hand, vad kan man tänkas finna oro i alla fall oro

löpte det inte ett vattendrag här tidigare, rörde det sig inte runt vatten vid floden

Segerkransen när man finner valpen; bladen av papper tysta ark vitt papper inte gott i mat

Valpen är våt nu, djupaste lila har svällt upp med händerna söker man tröst

Glämska glämska skäller hundarna, menar glömska

x.

efter valpen

är man är en annan då man då: blekare stillsamt samma hur många år sådana som än förflyter är man stillsam och man försöker inte ens är stillsam

## R I D Å

*Kan falla också som en giliotin gör det först senare faller som en giliotin det kallas  
ridå men väldigt mycket fortsätter ändå som ingenting  
Den mörka bakre vägen i varje rum*

## **Kristin Karlsson: ”Scenografi”**

### **- ei samtale om bilete og form**

Intervju med vinnaren av Ung Poesi 2012.

”Karlsson har skriva ein kompleks tekst som ofte utfordrar lesaren, men som gjev desto meir tilbake til dei lesarane som let seg utfordra.”

Slik lyder innleiinga til juryens grunngjeving av vinnardiktet ”Scenografi”. Dei peikar på vektlegginga av Karlssons konsistente biletbuk, og det bevisste tilhøve til form som er tydeleg gjennom heile teksten. ”SCENOGRAFI er eit sterkt dikt som tåler å bli lest mange gonger”, heiter det. Grunngjevinga og deler av diktet vart presentert under opninga av årets poesifestival i Ulvik. Kristin sjølv kunne diverre ikkje vere til stades under tildelinga. Vi har intervjuet henne i etterkant av festivalen for å gje lesarane eit innblikk i hennar diktarverksemd og tilblivinga av ”Scenografi”.



Namn: Kristin Karlsson, 27 år. Bakgrunn: Student ved Skrivekunstakademiet i Hordaland 2011 - 2012  
Bachelor i Arkitektur, KTH Stockholm 2009 – 2011

*"Gardin sammestung i vågor strecker sig åt sidan Bilderna  
Övergripande tankens scenografi en krans klippt av papper det helt platta arket målat  
med färg  
det finns olika sorters lyd  
de som skall komma långt bortifrån de som skall komma nära  
scenen skall vara allt detta överväldiga i papper ett överväldigande pappersmaskineri"*

**Slik vert "Scenografi" innleidd. Teppet strekkjer seg til sida, og vi vert tekne med på ei reise i eit fleirdimensjonalt rom. Juryens grunngjeving peikar mellom anna på diktets form som minnar om ein dramatekst. Kan du seie litt om val av form i "Scenografi"?**

- Texten har under arbeidets gång haft olika form, olika fokus. Min tanke med texten var egentligen något helt annat, men ibland får man inte helt välja själv, det är ett ostyrtigt arbete att skriva. Efter ett tag visade det sig att texten hade återkommande inslag som alla relaterade, på ett sätt eller ett annat, till teaterns scen. Samtidigt var det tydligt att det inte rörde sig om ett drama stycke utan mer var teaterns rum som texten tycktes upphängd vid. I sammanställningen av texterna försökte jag få varje scen att reflektera ett tillstånd, jag ville få dikterna att spela mot varandra för att rummet, scenrummet, skulle framstå tydligare. Jag har försökt få de olika dikterna på varje sida (aldrig fler än tre, jag upplevde att det hade blivit för spretigt i sådant fall) skulle vara olika vinklar av samma bild.

**Du har gått på Skrivekunstakademiet i Hordaland, men har òg bakgrunn som arkitekturstudent. Korleis føregår skriveprosessen når du arbeider med tekst? Kan det samanliknast med arkitektur, at skriveprosessen er eit slags arkitektonisk byggverk?**

- När jag började studera arkitektur förändrade detta mitt förhållande till skrivande. En rumslighet har vuxit fram i texterna, en vilja att placera och förhålla sig till de element som antyder rum. Något i motsatsen fångar och också mitt intresse, en fascination för det som är platt, bilder, avbildning av något tredimensionellt med ett tvådimensionellt verktyg. Modeller blir till

kulisser. Relationen och övergangen mellan ytan och det rumsliga är något som jag stannar vid. Kanske är det inte så mye skriveprocessen som själva texten som är som ett arketektoniskt byggverk. Ofta är den som husets bärverk, en slags struktur av ord som samtidigt trenger en läsare som fyller igen luckorna i fasaden med sina egna bilder. En förhoppning är att stå där med ett färdigt hus en dag.

### **Ein utklipt papirvalp går att som motiv i ”Scenografi”:**

x.

*man klipper ut en liten hund man kallar valp*

*man klipper*

*det glada gläfsset*

*mitt bus mitt bus mitt bus*

*stå mitt i rummet, i vilken stad, i vilket bus mitt bus mitt bus*

*sista ljuset idag gult det som når ner*

*under trädens utstrückta*

*in bakom husens framsidor*

*den lilla hunden i papper, den glänsande ytan, gläfsar den inte, jo, gläfs gläfs*

### **Kan du seie noko om hunden som ein potensiell representasjon for noko anna i ”Scenografi”?**

- Jag tror hundvalpen är en slags motreaktion mot allt det som är statiskt i texten, alla de stilla rummen trenger noen som nosar runt i dem, noen som beveger sig. Valpen är också något skört och naivt, något som kan misshandlas och som man kan bli irreterad på (även fast man vet att det är fel). Valpen är något man skall vara rädd om men som är lätt att tappa bort eller ta död på.

### **Du er konsekvent i din flotte biletebruk , noko som juryen legg til grunn for si vurdering. Korleis steller du deg til bilete som språk?**

- Jag är väldigt upptagen av bilder när jag skriver, nästan all text har sin begynnelse i en bild som jag får i mitt huvud som jag försöker beskriva. Det är lite märkligt, jag har funderat på varför jag väljer att gestalta bilder i ord och inte försöker med något som ligger närmare, en teckning ett fotografi, en målning.



Först och främst är jag inte god nok till att gör det, sedan är det också det fantastiska med bild i text, den är så öppen. Den skapas bara halvt av den som skriver den, resten måste skapas hos läsaren. Det är något fint och utmanandet i det fåfänga projektet att beskriva bilder i text.

**Kva inspirerer deg til å skrive? Kan du fortelje om korleis ”Scenografi” vart til?**

- På många sätt vet jag inte riktigt själv var en text är på väg när jag begynner på den. Men något som jag kan säga om denna text att är att den är att jag varit inspirerad av två bilder eller företelser som funnits med mig en längre tid. Det ena är Alexander Calders konstprojekt Cirque Calder från 1920-talet. En liten dockcirkus där han själv är direktör och spelar alla roller samtidigt. Den andra är bilden av Paul Klees dockteater som han byggt åt sin son Felix någon gång på 1910-talet. Något i teatern och också lekens magiska förmåga att benämna ting, vad som helst, göra dem till mer än de tillsyns var. Ett träd utav papper blir ett amerikanskt mammutträd på scen.

**Scenane er tablåaktige. Ei stemme, ein dialog som verkar i det umedvitne. Samstundes oppstår kontrastane i motiva og ”rekvisittane”, om ein kan seie det slik. Når sceneteppet fell så fortset ”den mørka bakre vegen i varje rum”. Romma i vårt medvit?**

- Vad den mörka bakre väggen i varje rum är är lite svårt att svara på. Jag tror det är något i varje mänskliga som man behöver förhålla sig till. Själv föreställer jag mig det som ett lugn, något tryggt, det solida, en vägg som man kan luta sig mot. Det är kanske en bild att det finns ramar, saker att förhålla sig till, att hänga sin tillvaro upp på. Men det mörka kan säkert också uppfattas som ett trusel.

**Kvar går vegen vidare for deg no? Du har flytta til USA?**

- Jag har precis flyttat till Seattle för att läsa ett utvekslings år på min master i Arkitektur. Utbildningen är verkligen intensiv och upptar just nu mestadelen av

min tid, det är svår att kombinera med skrivandet. Därför har jag tidigare valt att ta friår för att skriva och det är det jag tänker mig att göra snart igen. För mig känns det som att skrivandet utvecklas positivt av att jag gör andra ting, för varje gång jag återvänder till skrivande är det mer fokuserat, jag blir bättre till att koncentrera mig på det när jag vet att jag gör det inom vissa tidsramar.

Skrivandet är en punkt som jag gång på gång återkommer till.



**Tusen takk til Kristin.**

**Venelaget ynskjer henne lukke til på reisa**

**Intervju: Theresa Wallevik, leiar.**

**Årets jury har bestått av Kjersti Rorgemoen, Stephen Walton og Eirik Bergesen Dalen.**

# Ein prøve på form

Av Charlotte Riise

Kva skal ein gjere  
når ein kjenner seg sjølv att  
i teksten?

Ein kan brenne inne  
med det ein eigentlig vil,  
eller  
ei kan brenne det heile:  
Det er ikkje mykje,  
men det varer  
ei lita stund.

\*

Du var  
ein forfattar av smerte,  
du var  
i skuggen av di eiga.

Du står i hagen,  
eg tenkjer du har så mykje  
å tenkje på. Du har ei fortid,  
og ein hage å hauste: Einsamt arbeid.

\*

Når eg møter tekstleg motstand plar eg bli rastlaus med flyktige tankar. Eg tuslar rundt i leilegheita, ser ut glasa og kjenner trangen til å skrive. Eg skriv i dagboka mi: Eg kan ingenting om Hauge, eg er berre forelska i tekstane hans.

Forelska. I tekst. I Olav H. Hauge, den ordknappe poeten. Det er det eg jobbar mot, å late kun det naudsynte stå att. Det synest å vere eit arbeid eg ikkje blir ferdig med. Kva er kun det naudsynte? Eg kjem til å tenke på eit klipp frå NRK, det Hauge seier: Han som tør seie noko han sjølv har opplevd, han kan snakke for andre òg. Det private, eller rettare: det indre, er nok ein faktor for poeten, men ein kan ikkje snakke om sanning, det sjølvopplevde, utan å snakke om løgn også. Eg trur ikkje løggen hos Hauge ligg i hverken smerta eller håpet, men i sjølvfornektinga: Eg er ingen forfattar.

Så seier eg, eg er forelska.

Eg oppfattar ikkje at Hauge deler mange bitar av sin person, eg oppfattar at han deler eit arbeid. Poesi er eit langsamt arbeid. Eit aleine-arbeid. Nett som musikk kan poesi fylle eit rom og skape rom, og i ein kort augneblink late oss vere i eit anna univers. Innanfor dette universet deler poet og lesar eit felles språk. Det handgripelege i poesien kan ofte vere det musikalske: Rytme, form, komposisjon, klang, tone. Det er vanskelegare å seie akkurat kva som er det sjølvopplevde, men det er heller ikkje det viktigaste. Forståinga for den indre hendinga blir meir sentral. Tor Ulven sa at sorg og smerte er utan form. I essayet «Lyden i lyrikken» skriver Øyvind Rimbereid at smerte treng ei form for å nå andre. I poesien kan ein då snakke om eit individuelt språk og eit kollektivt språk.

Rimbereid hevder at poesien ikkje alltid dreier seg om å gjenskape det som finst i poeten, men å ordne språket slik at indre impulsar, kjensler og tankar kan klinge saman med det kollektive språket.

Eg merker meg ofte ei smerte i Huges dikt, og små glimt av håp og melankoli. Dette vil vere utilgjengeleg for meg, heilt til Hauge gir det språkleg og billedleg form: No er det også noko ytre og sjølvstendig. Poesien si form krever eit kontrollslipp: Dette gradviset arbeidet frå eit indre mot eit ytre rom.

Eg går, eg har vore ute og skal heim. Blikket og tankane stivnar framfor dataskjermen, dei kjem ikkje i gong igjen før eg går. Eg tenkjer på arbeid, romlegheit og språk. Eg passerer kolonihagen i Fløenbakken. Det er ikkje vår her enda. Ein hage er også utan form, til ein arbeider med han. Så luker ein vekk til kun det naudsynte står att. Jobbar med det slik at ein annan kan omsetje det til noko ho kjenner.

Eg hoppar mellom tankar, let ting stå ukommentert. Det er ikkje alt ein skal forklare, ein treng ikkje det berre ein er konkret nok. Å gi smerte, sorg og indre rom ei form, er eit arbeid som aldri tek slutt; ein erfarer at ein aldri kan bli konkret nok. Kvar gong eg les Hauge, tenkjer eg at han opnar så mange rom nettopp fordi han er spesifikk. Kanskje fortel han noko sjølvopplevd, men i neste setning lyg han. Han snakkar for seg sjølv, så for meg.

Eg las om Hauge og blei forelska.

Eg las breva hans og dagbøkene hans og blei forelska.

Eg las dikta hans og blei forelska.

Å lese er også å arbeide.

NOTAR

«Lyden i lyrikken» er frå *Hvorfor ensomt leve* (Gyldendal, 2006). Tor Ulven-sitatet er frå samme sted.

## Ny duk på bordet

### Ingelin Røssland

*Ny duk på bordet.  
Og nye kvite ark!  
Her må då ordi koma,  
her som er so fin duk  
og so fint papir!  
Isen la seg på fjorden,  
so kom fuglane og sette seg.*

Olav H. Hauge

Eg kan få dikt av Olav H. Hauge på hjernen. Ofte. Heile dikt eller berre nokre liner, som poplåtar som ikkje vil la meg vera i fred. *Her må då ordi koma, her som er so fin duk og so fint papir!*, kan eg tenka i det eg set meg ned for å skriva for dagen. Før etter ein kopp kaffi og småvond stiring inn i skjermen, let desse orda koma: *Isen la seg på fjorden, so kom fuglane og sette seg.* For nokon betyr kanskje det at inspirasjon kjem av seg sjølv. For meg betyr det at ting tar tid. Fjorden frys ikkje til på ein, to, tre og fuglane set seg ikkje på isen før den er trygg.

Olav H. Hauge sine dikt fortel meg at eg må ta det med ro, våga venta og å halda ut. Det handlar om å vera til stades, om å snakka litt med katten eller om å sikta godt.

*So når eg siktar på deg, siktar eg litt yver.*

### **Kan eg våga å gå sakte?**

Alt skal gå så fort, også som forfattar er det eit krav om å vera effektiv. Helst levera ei bok for året og gjerne skal den vera marknadstilpassa også. Viss du skriv sakte, så er du lat. Då er du ei kvise på samfunnet si rumpe. Den rumpa som drit pengar og ser på pengar som eit mål for suksess. Eg er ei kvise som ikkje tener pengar kvar dag. Som går lange turar og tenker, som podar epletre og sår frø om våren. Nokre gonger er arbeidsdagen min å tenka på eit dikt av Olav H. Hauge, tenka på det for kanskje hundrede gong, fordi det fortel meg noko i høve til det prosjektet eg er i nett no. I desse dagar tenker eg mykje på eit dikt som kanskje er Olav H. Hauge sin største hit, nemlig Det er den draumen. Hovudpersonen i romanprosjektet går også og tenkjer på dette diktet. Som Olav H. Hauge bur ho i Hardanger. Ho ber på ein lengt og ein draum, men hennar draum er ikkje å glida inn på ein våg ho ikkje har visst om, men at nokon skal glida inn på hennar våg. At noko nytt skal koma inn i

livet hennar, og røska opp kvardagen som ho fram til no har meint at har vore lykkelig. Kanskje den ikkje har vore så bra som ho trudde, eller kanskje ho berre har blitt heimeblind og treng å forelska seg på ny i det ho alt har?

### **Diktet som endrar seg**

Eg er nok ikkje den einaste som opplever det at meininga av eit dikt endrar seg. Det er vel strengt tatt ikkje diktet som endrar seg, men når eg endrar meg eller kjem opp i nye livssituasjonar og funderingar, så er det som om diktet talar til meg på ein annan måte enn før. Eg trur at grunnen til at Olav H. Hauge sine dikt er så fine å tenka på og kring, er at dei er passe konkrete. Dikta gir meining, samtidig som dei er så opne at eg som lesar kan dikta med. Men det er no. Eg huskar mitt første møte med Olav H. Hauge, det var i leseboka på ungdomsskulen der det stod to dikt av Hauge. Det om katten og det om saga. Eg skjønnte ikkje noko som helst.

*Sagi*

*Skrap,*

*seier sagi.*

*Stød ved.*

*Ho segjer kva*

*ho tykkjer, sagi.*

Men no? Ja, no synest eg at dei fem linene gjer ei meining likevel. Men kva, har eg ikkje tenkt å gå inn på no. For det beste med Hauge sine dikt, synest eg, er å finna si eiga meining i dei. Eit dikt har ulik meining i møte med ulike lesarar, som all god tekst. Det finns ingen fasit, berre rom for undring, ettertanke og meddikting. Olav H. Hauge sine dikt har god plass til dette.

**Ingelin Røssland**, forfattar med seks epletre i hagen og ein skigard som treng ettersyn og omsorg.

## «at berget skal opna seg»

Idar Stegane

Diktet «Det er den draumen» av Olav H. Hauge er, omframnt overskrifta, på 11 – elleve – linjer. Slik står det fyrst i *Dropar i austavind*, 1966, og det gjer det også seinare i *Dikt i samling*, t.d. i 8. utgåva, 2. opplag, 2008.

### DET ER DEN DRAUMEN

Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje –  
at tidi skal opna seg,  
at hjarta skal opna seg,  
at dører skal opna seg,  
at berget skal opna seg,  
at kjeldor skal springa –  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um.

Ein gong vart det likevel prenta der utan den 7. linja, «at berget skal opna seg». Det var i *Dikt i samling* 1972. Hauge oppdaga det sjølv. Han viste meg det og var svært lei for det; han burde ha sett under korrekturlesinga at linja hadde falle ut.

Dessverre har forlaget ein gong til prenta diktet i ei bok *utan* denne linja. Det var i eit utval Hauge-dikt presentert for born og illustrert av Wenche Øyen: *Regnbogane*, 1983. Samlaget skriv på kolofonsida at dikta i utvalet er henta frå *Dikt i samling* 1981. I så fall har denne linja kome bort ein gong til, for i 1981-utgåva er diktet komplett. Hauge sjølv har heller ikkje denne gongen vore merksam nok i korrekturen. Denne feilen har Den norske Bokklubben reproduisert i ein serie postkort med norske dikt på, *Dikt kort. Få ord – store opplevelser*, 2002. Der står det på baksida av kortstokken at diktet er henta frå *Regnbogane*.

No har Rolf Bjørge fortalt meg at denne linja også manglar fleire stader der diktet er utlagt på nettet. Ein stad er i eit svar på ei oppgåve, «Tolking av diktet Det er den draumen», vårtentamen på Vg1 for ST ([www.daria.no/skole/?tekst=11315](http://www.daria.no/skole/?tekst=11315)). Diktet er skriva inn i oppgåva utan 7. linja. Eleven har likevel hatt heile teksten føre seg, for han eller ho kommenterer og tolkar «at berget skal opna seg». Kanskje har eleven òg vore uheldig og mist denne linja under avskrivninga. På ein annan nettstad er linja også borte ([heltgreipoesi.wordpress.com/2009/06/07/det-er-den-draumen-av-olav-h-hauge](http://heltgreipoesi.wordpress.com/2009/06/07/det-er-den-draumen-av-olav-h-hauge)). Der har det òg kome inn ein feil til ved at 10. linja, «at me ei morgonstund skal glida inn», er

blitt delt i to slik: «at me ei morgonstund / skal glida inn». Og på Hauge-senteret si nettside manglar ei anna linje, nemleg den 5., «at hjarta skal opna seg» (<http://www.haugesenteret.no/default.asp?menu=4465&id=11092>).

Det siste tilfellet eg har funne, er i programheftet til skodespelet *Lughnasa – ein irsk seinsommardans* av Brian Friel, Den Nationale Scene, Bergen 11. februar 2012. Der avsluttar forlagssjef Agnete G. Haaland introduksjonen sin med å sitere «Det er den draumen» utan linja «at berget skal opna seg» og med 10. linja delt i to som nemnt for nettstaden ovanfor. Haaland viser til at diktet er frå *Dropar i austavind*, men sjølv har ho nok vore ein snartur på nettet og funne denne versjonen med to feil.

Det er vel grunn til å ottast feil fleire stader. Nettet er generelt upåliteleg som kjelde, og bøker *kan* også vere det. Og med eit dikt som dette med ni linjer som liknar etter kvarandre (anaforar), må ein passe nøye på når ein skriv av. Men det hjelper å lese skikkeleg. Lenge stod diktet som grafitti på ein vegg i Sydneskleiven i Bergen, og der var alle linjene med og ingen inngrep i linjedelinga.



## Årsmelding 2010-2012

Styret i denne perioden (alle valde på årsmøtet 18.september 2010) har vore:

Styreleiar:

Unni Solem

Styremedlemmer:

Torbjørge Austrud

Stephen Walton

Johannes Bleie

Tone Tveit

Vararepresentantar:

Stefan Andreas Sture

Svein Ove Duesund

Styret har hatt 7 styremøte i perioden.

Representant i styret for Hauge-stiftinga: Tone Tveit, vara Johannes Bleie

Representant i styret for Ulvik Festivalutvikling: Torbjørge Austrud, vara Unni Solem

Viktige saker som har vore arbeidd med:

- Heimesida. Det er lite aktivitet på sida, og styret oppmodar alle interesserte om å skriva. I gjesteboka kan kven som helst skriva, om ein har tips eller nyhende å dela med andre. Vi har laga ei kortfatta brosjyre om Venelaget, meininga er at denne skal liggja på heimesida og nyttast ved høve av alle (kan skrivast ut).
- Venelagsheftet, som Stefan A. Sture har hatt redaktøransvaret for. Takk til Stefan for mange interessante artiklar i 2010-12. Takk til alle som tek utfordringa som skribentar og deler sin kompetanse og sine refleksjonar! Venelagsheftet har hatt 2 nummer årleg, med rikt innhald. Styret har valt å ikkje stressa med fleire nummer årleg, då kostnaden for trykking og utsending er relativt høg for eit lite lag som vårt.
- Formalisering av visse prosedyrar. Styret har vedteke prosedyre for Amboltpreisnemnda og laga oversikt over gjeremål i samband med Ung

Poesiprisen. Vi har óg registrert Venelaget i Brønnøysundregisteret (Einingsregisteret, Frivilligregisteret).

- Planlegging av seminar under Poesifestivalen 2012, der temaet vart ”Hauge og den andre litteraturen”. Styret held førebels fast ved at Venelaget tek ansvar for eit slikt fast seminar i tilknytning til kvar Poesifestival. Men det bør drøftast i kva grad Hauge-senteret skal overta ansvar for fagleg innhald i eit seminar frå og med 2014.
- Hauge-stiftinga og Hauge-senteret: Styret har gjennom vår representant i styret for Hauge-stiftinga halde seg orientert om den svært viktige utviklinga som har pågått i perioden. I denne 2-årsbolken har mykje spennande skjedd m.o.t Hauge-senteret, som no er konsolidert med og blitt del av Nynorsk Kultursentrum (NK), på lik line med Ivar Aasentunet. Hauge-senteret har hatt to tilsette i 2011, og den tredje vert tilsett i 2012. Offisiell opning av senteret for publikum vert mai 2014. Hauge-stiftinga er som følge av dette omgjort til ei rein eigedomsstifting.
- Medlemstalet til Venelaget er stabilt og ligg no på 264. Vi har fått nokre nye medlemmer, og 3-4 er gått ifrå. Styret har ikkje praktisert purringar til dei medlemmene som ikkje har betalt medlemskontingent. For å oppfylle formålet vårt med å spreia kjennskap til og interesse for Hauge si dikting, vil vi halda fram med å senda medlemsheftet til alle som står på medlemslista, inntil dei eventuelt sjølve melder at dei ikkje er interesserte i å motta det lenger. Styret oppmodar alle til å melda frå om adresseendring samt å betala kontingenten!
- Styret har vore i dialog med Hauge-senteret /NK om vidareføring av prisen Ung Poesi og om det i framtida bør vera del av Hauge-senteret sine oppgåver å dela ut denne prisen. Vi har óg hatt drøftingar kring kva endringar det vil medføra m.o.t Venelaget si rolle når Hauge-senteret kjem i drift. Vidare drøftingar av dette må halda fram i årsmøtet og i det nye styret.

Ulvik 1.august 2012, Styret v/ leiar

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I VENELAGET OLAV H. HAUGE

---

Stad: Elvatun ungdomshus i Ulvik, i underetasjen  
Tid: Laurdag 15. september 2012, kl. 09.–10.00

---

Det var 20 frammøtte medlemmer.

1. Innkalling og dagsorden  
Ingen merknader til innkallinga  
Dagsorden. Det er kome framlegg til endring av vedtektene frå valnemnda. Vert teke opp under pkt 5.
2. Konstituering
  - Val av møteleiar. Unni Solem
  - Val av referent. Torbjørg Austrud
  - Val av teljekorps. Anders Oppheim og Tone Tveit
3. Regnskap 2010-12, ved kasserar  
Rekneskapen vart godkjent utan merknader.
4. Årsmelding (vedlagt), oppsummering 2010–2012, ved styret.  
Følgjande tema vart drøfta:
  - Posten sentralt kan gje eigen avtale på pris på utsending av blad.
  - Seminaret som vart avlyst i år: Ein bør prøva å tipsa om dette kursopplegget til dei regionale kursnemndene (for grunnskule og VGS), Språkåret 2013. Ny læreplan i norsk 1.8.2013, FaU (fagleg utval), med meir.

Dersom det komande år skal vera seminar under poesifestivalen, bør det leggjast inn i programmet – t d parallelt med konsertar laurdag eller sundag

- Det bør gjerast forsøk på å få inn alle e-postaresser på medlemmer og nytta e-post som kommunikasjonskanal. Medlemmer som ikkje betalar kontingent, kan vel neppe vera medlemmer lenger. Styret kan vurdera purringar på kontingent, evt styrka dei som ikkje betaler frå listene.

Årsmeldinga vart teken til orientering.

## 5. Endring av vedtekene (framlegg vedlagt)

Det vart kome inn framlegg til endringar frå styret sine vedtektsendringar og frå frå Elisabet Aase Sølvberg, Steinar Bergo og Eli Lillebø. Desse vart lagt inn under handsaminga av styret sine framlegg.

**Til pkt. 4:** Venelaget skal gje ut medlemsblad.

*Styret eller dei som styret gjev ansvar, skal syta for at bladet kjem ut årleg med minst 2 nummer.*

Samrøystes vedteke.

**Til pkt 5:** Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.

*Styret vel desse internt*

*Framlegg frå S vart vedtekesamrøystes.*

### **Pkt 6**

Tillegg tilpkt 6. Kasserar kan veljast utanom styret.

*Framlegg frå S med tilleg frå årsmøtet vart samrøystes vedteke.*

### **Pkt 7**

Framlegg frå styret med tillegg; *I innkallinga får medlemene melding om at frist for innsending av saker ein ynskjer ta opp, er 14 dagar før årsmøtet.*

*Framlegg frå S med tillegg frå årsmøtet vart samrøystes vedteke.*

### **Pkt 9**

*Framlegg frå S vartr samrøystes vedteke*

## 6. Val

Therese Vallevik vart vald som leiar ved akklamasjon

Framlegg frå valnemnda til styremedlemmer vart samrøystes vedteke:

Eivind Bergo

Randi Jåstad  
Audun Lødemel  
Annelise Thorbjørnsen

Varafolk (samrøystes vedteke): Torbjørg Austrud og Terje Hjartnes.

Etter framlegg frå styret vart følgjande valde:

Ny valnemn:  
Elisabet Sølvsberg Aase, leiar  
Steinar Bergo  
Unni Solem

Amboltprisnemnda:  
Torbjørn Ljones, leiar  
Idar Stegane  
Stephen Walton

Kasserar: Anders Oppheim

Revisor: Olav Bergo

7. Vegem framover for Venelaget Olav H. Hauge (ordet fritt)- lite tid til meir diskusjon enn det under pkt 4, då dei fleste medlemmene skulle på Hauge-føredrag kl 10!

Referent: Torbjørg Austrud

Vedlegg: Oppdaterte vedtekter 14.09.2012

## Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2012 – 2014:

**Eivind Bergo** er fødd i 1982 og vaks opp på garden Bergo i Ulvik, som yngstemann i ein syskjenflokk på tre.

Hausten 2003 byrja han på lærarutdanninga ved Høgskulen i Bergen. Då han var ferdig utdanna jobba han eit halvt år på Brakanes skule, før han flytta til Bergen att. Han jobbar no som kontaktlærer på Paradis skule.

Somaren 2009 gifta han seg med bergensjenta Marit, som òg er lærar. Eivind er ny i styret frå hausten 2012.

**Randi Jåstad** er lektor på Øystese gymnas. Ho har hovudfag i norsk og underviser no i norsk og spansk. Tidlegare har ho også undervist i engelsk, både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Ho har vore leiar for FAU norsk for vidaregåande skular i Hordaland. FAU er eit utval som lagar til kurs for norsklærarar, og held lærarane informerte om kva som skjer med norskfaget. Generelt kan ein seia at ho er svært oppteken av norsk språk og litteratur både på jobb og i fritida. Randi er ny i styret frå hausten 2012.

**Audun Lødemel** er pensjonert lektor og har utdanning frå Volda, som allmennlærer, og frå UiB med sosiologi mellomfag og nordisk hovudfag. I tillegg idrett grunnfag. Han arbeidde 14 år som leiar for idrettslinja ved Voss Folkehøgskule, og gjekk i 1980 til Voss Gymnas, der han var tilsett til 2010, då han gjekk av med pensjon. Han har undervist i idrett og norsk og vore seksjonsleiar i begge desse faga. Audun er ny i styret frå hausten 2012.

**Annelise Thorbjørnsen** er fødd i Oslo og bur på Voss.

Ho er lærarutdanna, har spesialpedagogikk og nordisk grunnfag.

Annelise budde fem år i Nord-Noreg før ho flytta til Voss. Her har ho arbeidd i grunnskulen. Dei siste ti åra dreiv ho Galleri Voss. Annelise er ny i styret frå hausten 2012.

**Theresa Wallevik** er vakse opp i Vallavik, Hardanger. Ho har utdanning frå Universitet i Bergen, med bachelorgrad i Allmenn Litteraturvitskap og eit grunnfag frå Nordisk. Ho har mellom anna erfaring med litteraturformidling for born, og no arbeider ho i bokhandel ved sidan av studiane. Theresa byrjar på mastergrad i Nynorsk Skriftkultur ved høgskulen i Volda våren 2013. Theresa er ny i styret frå hausten 2012.

## Referat frå styremøte i Venelaget 18. oktober 2012

Stad: Humanistisk fakultet/UiB

Til stades:

Theresa Wallevik, Eivind Bergo, Annelise Thorbjørnsen, Audun Lødemel og Randi Jåstad

- 1.Sakliste og innkalling vart godkjent.
- 2.Går ut

### **Konstituering av styret:**

- Medlem i Haugestiftinga – Annelise Thorbjørnsen
- Medlem i Ulvik festivalutvikling – Eivind Bergo
- Styremedlem – Audun Lødemel
- Skrivar – Randi Jåstad

3 og 10.

### **Medlemsheftet og heimesida:**

Styret valde å sjå desse to sakene i samanheng. Vi vart samde om å gå inn for å avvikla papirutgåva av medlemsbladet og utvikla eit elektronisk alternativ/publisere artiklar på heimesida med jamne mellomrom. Grunngevinga vår er at dette blir ei meir fleksibel løysing, og det blir meir kostnadseffektivt. Porto og trykking er svært dyrt. I tillegg vil vi med denne løysinga kunna tilby honorar til fagfolk som bidreg med artiklar i bladet. Venelaget ser det som viktig at vi både kan publisera artiklar av profesjonelle bidragsytarar og oppfordra medlemmer og andre til å bidra med aktuelt stoff. For å få til denne omlegginga må vi ha hjelp frå D-form på Voss. Theresa kontaktar dette firmaet ved Jostein Lote på Voss og diskuterer ulike tekniske løysingar, slik som nyhendebriefunksjon og korleis vi kan publisera på heimesida.

Det er også viktig at vi informerer medlemmene om denne endringa og gir høve til at medlemmer som framleis vil ha medlemsbladet på papir, kan få tilsendt utskrift frå nettet.

Vi sender brev til alle medlemmene og oppmodar dei om å betala medlemskontingenten og informerer dei om overgangen frå papir til digital versjon.

Audun skaffar medlemsliste frå kasseraren.

Randi kladdar brev til medlemene.

Idédugnad om innhaldet i det første nummeret:

Poesifestivalen 2012 blir temaet for det første nummeret vårt:

- Leiaren i Venelaget har ordet (Theresa)
- Presentasjon av det nye styret
- Intervju med Kristin Karlsson som vann ung Poesiprisen (Theresa)
- Intervju med Bodil Cappelen som fekk Amboltprisen (Randi)
- På neste møte må vi setja opp tidsplan og ansvar for første nummeret.
- Tekstar av Idar Stegane, Ingelin Røsseland og Charlotte Riis.

4.

**Budsjett.** Utgifter/inntekter – Vi har for lite kunnskap om kva som ligg i dei ulike postane. Vi tek opp igjen denne saka når vi veit meir om kva vi vil arbeida med. Theresa undersøker litt om kostnader, og kva som ligg i tala frå i fjor.

5 og 7.

**Føremålet med Venelaget 2012 – 2014, jf. vedtektene:**

Dette styret vil arbeide med:

- Amboltprisen
- Ung Poesipris
- Spreia kunnskap om Olav H. Hauge si dikting (både lyrikken og prosa/dagboktekstane hans)
- Få studiestipendet på beina igjen
- Samarbeida med ulike institusjonar slik som Litteraturhuset i Bergen, biblioteka i Bergen og omegn, Hordaland fylke, kommunar, Ulvik Poesifestival, Haugesenteret og utdanningsinstitusjonar.
- Arbeida med Hauge på Diktarvegen på Vestlandet – (Eivind undersøker kva som er gjort i samband med dette.)

8.

**Rutinar ved Amboltprisen og Ung Poesiprisen.** Dette vil vi ta opp igjen på neste møte. Theresa undersøker meir.

9.

**Litteraturarrangement.** Idédugnad om eventuelle emne på litteraturseminar på Poesifestivalen 2014 eller andre arrangement for dei neste to åra:



- Lyrikarar med røter i Hardanger (Oddveig Klyve, Jon Fosse, Hanne Aga, Frode

Grytten..

- Tematikk hjå Hauge ( kjærleik, død.....)
- Galskapens poetikk i litteraturen
- Utviklingslinjer i moderne norsk/skandinavisk poesi
- Dagbøkene og brevvekslinga mellom Hauge og Cappelen
- Det rytmske i opplesinga av Haugetekstar (Liv Marit Aksnes)
- Jon Fosse sin poesi (Benedichte Maurseth m fl.)
- Forfattarsamtalar

Dette kjem vi tilbake til på neste møte. Vi må prioritera kva vi vil satsa på i første omgang.

11.

**Medlemslister.** Audun arbeider med oppdateringa av medlemslista og innsamling av e-postadresser. Han tek kontakt med kasserar Anders Oppheim angående dette.

12.

Konkret handlingsplan og budsjett for 2012 – 2014 er utsett til neste møte.

13

**Ymse:**

Nytt møte 10.desember i Bergen. Theresa sender innkalling.

Theresa oppmodar styremedlemene om å ta vare på kvitteringar slik at ein kan få dekkja reiseutgifter. Reiserekningar med bilag skal sendast til Theresa.

Randi Jåstad, Ref.

## Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge.
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad. Styret eller dei som styret gjev ansvar, skal syta for at bladet kjem ut årleg med minst to nummer.
5. Venelaget nemner opp ein medlem til styret for Haugestiftinga og ein medlem til styret for Ulvik Festivalutvikling KF. Det skal veljast varafolk for desse to. Styret vel desse internt.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val kvart årsmøte. Dei andre i styret vert valde for to periodar, medan varafolk vert valde på kvart årsmøte. Kasseraren treng ikkje vera styremedlem. Ei valnemnd på tre medlemmer kjem med framlegg på årsmøtet om styresamansetting.
7. Årsmøtet vert halde i samband med "Ulvik Poesifest". Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. I innkallinga får medlemene melding om at frist for innsending av saker ein ynskjer ta opp, er 14 dagar før årsmøtet. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolk. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn (revisor) etter framlegg frå styret. Vala er for to år.
8. Omframnt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframnt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Framlegg til vedtektsendring skal sendast skriftleg til alle medlemmer minst 1 mnd før årsmøtet. Alle medlemmer har høve til å senda inn skriftelege merknadar som vert lesne opp for årsmøtedeltakarane. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til Haugesenteret i Ulvik, starta i 2011.

Samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21.8.1999 på Elvatun, Ulvik.  
Endra på årsmøtet 15.september 2012 på Elvatun, Ulvik.



Theresa Wallevik  
i kvite skje  
lister: regnet gjeve

## STYRET OG ADRESSER

På årsmøte på Elvatun, laurdag 15. september 2012, vart dette styret valt:

- Leiar: Theresa Wallevik, Bergen
- Styremedlem: Eivind Berge, Bergen
- Styremedlem: Randi Jåstad, Øystese
- Styremedlem: Audun Lødemel, Voss
- Styremedlem: Annelise Thorbjørnsen, Voss (representant i styret for Haugestiftinga)

Varafolk:

- Torbjørg Austrud, Ulvik
- Terje Hjartnes, Ulvik

### Kontakt oss på desse adressene:

E-post: [post@venelagethauge.no](mailto:post@venelagethauge.no)

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge v/Theresa Wallevik  
Søråshøgda 426  
5235 Rådal  
Tlf: 91147716

Redaktør for medlemsheftet:

Theresa Wallevik • E-post: [post@venelagethauge.no](mailto:post@venelagethauge.no)

Fundus de klubbene  
Olav H. Hauge